

Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

Då eg ein dag i mars kom inn på kyrkjekontoret retta Inghart Lasse ein tjukk bunke med A4 ark opp i lufta og møtte meg med orda: *–Her er ei god meiningsmåling på kyrkjebladet!* Det var bankutskrifter for innbetaling av bladpengar. Vi i redaksjonen må audmjukt takka. At folket i bygdene våre skundar seg å betala dei friviljuge bladpengane syner oss at Hyrdingen vert godt motteken og har stoff av interesse. Men vi vil bli endå betre og har nå fått fleire kontaktpersonar rundt i bygdene som vil hjelpa oss å få inn stoff.

Internett har etter kvart fått ein aukande plass hjå folk i Vindafjord. Her får dei informasjon, underhaldning og betalar rekningane sine. Kvar bygd i Vindafjord har nå si eiga heimeside og mange lag og organisasjonar, kyrkjer og bedehus har kome etter. Snart vil ein nok og kunna lesa Hyrdingen på internett, i tillegg til å få det i postkassen. Har vi då bruk for det trykte papiret? Jo, eit blad eller fotoalbum som ligg på bordet kan alle ta opp og kikka i. Små born, vaksne og dei eldste mellom oss. Sjølv når straumen går kan vi tende stearinljøs og setja oss med eit blad eller album.

Norsk Søndagsskuleforbund er ein av dei som gjennom tidene har vore lengst framme i bruk av nye hjelpemiddel. Dei var først på banen med flanellograf. Så kom det ljusbilete og film. Nå har alt internett og datamaskiner vore i bruk i søndagsskulane i mange år. Bedhusa investerer i videokanon og songane kjem på veggen. Samstundes er det alltid nokre som er kritiske. Nytt er farleg. Men den nye teknologien gir store moglegeheiter også i kristent arbeid når han blir styrt og brukt rett. Ordet om Jesus vert levande for borna og presentert på ein måte dei er vane med. Men ennå fungerer flanellografen frå 1800 talet. Det er det engasjerte mennesket som gir liv til forteljningane. Alt det andre er hjelpemiddel.

God påske!

På Søndagsskule i Vindafjord

”Eg er søndagsskuleleiar fordi eg syns det er kjempeviktig å vera med å lære barna bibelhistoriene. Det er alltid inspirerende og gledelig når ungane kjem på søndagsskulen. Eg syns de er kjekt å vera søndagsskuleleiar i Vindafjord. Eg er heldig som har med meg entusiastiske hjelpeleiarar” – seier Else Gurine som er søndagsskuleleiar i Austreimsbygda.

Ho legg til at det er eit godt samarbeid mellom søndagsskulane i Skjold og at dei er ilag på fleire felles arrangement. Det er alltid givande å sjå at me er fleire om felles mål - ”Jesus til borna”

Veit de at det var i den kommunen de bur i at Søndagsskolekrinsen vår vart oppretta?

9.-10. juni 1928 var det mykje søndagsskulefolk samla i Ølen. Dei hadde eit mål med å møtast – dei skulle oppretta ein heilt ny søndagsskulekrins. Den nye krinsen fekk namnet Karmsund, Sunnhordland Søndagsskulekrins.

Søndagsskolearbeidet står framleis sterkt i Vindafjord. Det er søndagsskule på bedehusa i Ølensvåg, Vats, i Austreimsbygda og på Ersland. Det er laurdagsklubb på bedehuset i Vikebygd og i Skjold kyrkje held Jungelbarna til. Nokre av søndagsskulane har mange barn og fleire aldersgrupper, mens andre er mindre.

Eg har spurt to av dei om lag 200 barna som var på søndagsskule i Vindafjord to spørsmål:

Kva tenkjer de når eg seier søndags-

skule?

Då tenkjer me på søndag, Jesus og Gud.

Kva er det kjekkaste på søndagsskulen?

Det er å teikna, å høyra forteljing og så er det å passa på og sjå på når leiarane bruker hand-dukkene Jonas & Julie.

Hand-dukkene er ein del av formidlingsopplegget Sprell Levende, som søndagsskulane brukar. Sprell levende er til god hjelp og stor inspirasjon og gjer det mulig å variera innhaldet på søndagsskulen utan å måtte ”finna på” alt krutet sjølv kvar gong. I Sprell levende er det idear til både song, leik, bøn, aktivitetar og så er det fleire forslag til korleis bibelforteljingane kan formidlast.

Takk til alle foreldre som køyrer eller sender barna på søndagsskule i Vindafjord! Søndagsskuleleiarane er takknemlige for alle som kjem på søndagsskule!

På søndagsskulen syng vi ein song som er slik:

”Her er det plass for alle, her er ei open dør, her får du komme inn, her er liv og godt humør...” og sånn er det og på søndagsskule i Vindafjord!

På søndagsskulen er det kjekt og så er det god plass til fleire både jenter og gutar. Kjekt om fleire vil koma!

Elisabeth Fauskanger

*Søndagsskulekonsulent i Karmsund,
Sunnhordland søndagsskulekrins*

